

# Region nordvest



Besøksadresse:  
Myrabakken Næringscenter,  
Spjelkavikvn 132, 6010 Ålesund  
E-post: nordvest@nlm.no

Regionleiar og ansvarleg  
redaktør: Jon Ove Holen  
Administrasjonsleiar:  
Anne-Marit Engås  
Ungleiar: Geir Henning Tunheim

## ENDELEG SAMAN

Etter dvalen i vår kunne KRASPsør endeleg møtest att. Og alt var like kjekt som før!

LES MER SIDE 44 >>



KOMMENTAR



**GEIR HENNING TUNHEIM**  
Ungleder

## De minst nådde i Nordvest!

NLM har i senere år brukt ekstra ressurser på å nå de minst nådde folkegruppene i verden med evangeliet om Jesus. Derfor har NLM flere utsendinger i sensitive områder, der de minst nådde folkeslagene bor.

**Vinne nye grupper.** Dette har inspirert NLM ung. Hvordan kan vi være en misjonar bevegelse som er med på å nå de minst nådde barn og ungdommer i Norge med budskapet om Jesus?

Ung:Tro er et av våre svar i møte med disse spørsmålene. Ung:Tro-prosjektet skal være et utadrettet og oppsøkende arbeid som har som mål å vinne nye grupper og kulturer i Norge, og for vår del i Nordvest.

I 2012 var 85 % av NLMs arbeid i distriktene, mens 70 % av Norges befolkning bor i byer. Vi ser på nasjonalt plan at vi har ca. 600 barnelag og bare ca. 90 tenåringslag. Hovedfokuset i Ung:Tro-prosjektet er at det skal være et nytt, utadrettet arbeid med målgruppe 13-25 år, og at man vil bygge opp et arbeid i urbane områder med lite kristent arbeid fra før.

### Nytt og utadrettet arbeid.

Med «nytt arbeid» vil vi at målet skal være å skape et nytt tilbud for målgruppen med mulighet for å høre om Jesus. En kan også gå inn i et eksisterende arbeid, for å bli kjent med unge i lokalområdet, men med mål om å skape noe nytt ut av det.

Med «utadrettet» mener vi at arbeidet skal ha unge folk som ikke jevnlig deltar i organisert kristent arbeid som sin primærmålgruppe. Kontaktskapende, relasjonsbyggende arbeid som f.eks. konfirmantarbeid, språkcafé, leksehjelp, og lavterskelarrangement som

turer, gymsalaktiviteter, ungdomsklubb, grillfester og lignende kan gjerne kombineres med menighetsbygging og opplæringsarbeid.

**Vårt misjons-DNA.** Region nordvest er velsignet med en stor gjeng av dedikerte og Jesus-sentrerte ledere i lags- og leirarbeidet. De står på uke etter uke for å bringe ordet om Jesus ut til de som ikke har hørt. Vi i NLM ung nordvest vil fortsatt prioritere å bistå lagene våre i hele regionen med besøk og med ressurser både for barn og for ungdom.

*«Region nordvest er velsignet med en stor gjeng av dedikerte og Jesus-sentrerte ledere i lags- og leirarbeidet.»*

Men Ung:Tro-prosjektet har gitt oss en dytt i retningen av at vi må nå enda lenger ut. Ut til de som ikke har hørt om Jesus. Ut til de som bor i områder der det ikke finnes annet kristent ungdomstilbud. Ut til de som ikke vet at livet blir bedre sammen med Jesus. Flere må få høre om Jesus og komme til tro på han, og det ligger i vårt misjons-DNA som NLM.

Målet vårt i Nordvest er å få ett Ung:Tro-prosjekt i gang i løpet av 2021. NLM ung vil være en misjonar bevegelse som er med på å nå de minst nådde barn og ungdommene i Nordvest med budskapet om Jesus som frelser og bestevenn!

Vil du være med på dette spennende prosjektet, så hører vi gjerne fra deg.



## MITT SANGVERS



FOTO: PRIVAT

I studietida vart eg utpeikt til å melde vår nyoppstarta mannsforeining inn i NLM. Eg skreiv «Leirklumpen mannsforeining» på skjemaet, og måtte tole mykje harselas for det.

Namnet tok eg frå ein song som er basert på Jeremia 18,1-6. Den er skriven av far min, Reidulf Lillebø, til tonen «Ut mot havet» av Edvard Fliflet Bræin. Star-ten er slik:

### I krusmakarhender

*Som leirklumpen er inni krusmakarhanda, slik er de i handa mi, Israels hus. Dei orda profeten fekk høyre i ånda, – han såg korleis kjerald vart dreia i krus. Og vart så eit kar som på skiva han vende mislykka, ubrukande, slik det kan hende, han gjorde det om att, og laga eit kar slik han ville ha det, som skaparen var.*

*Kor stort å få tru at som åra har svive har krusmakarhanda for dreinga stått, og lyst eller tungt som vart gitt oss i livet var støtt det han såg gjorde kjeraldet godt.*

*Så titt utolmodige spørsmål vi sende mot himmelen opp når på tyngsle vi kjende, men roser av lovsongar ofte spratt ut ved synet attende på sorgar og sut.*

Eg nynnar framleis på songen om leirklumpen iblant. Eg treng å minnast om at eg er i Skaparens allmechtige krusmakarhender enten livet er lyst eller tungt. Og kjenner eg meg mislykka er det kvile i å vite at han tar ansvaret for sluttresultatet sjølv.

JØRN ASLE LILLEBØ



FOTO: REGION NORDVEST

# EN DØR BLE ÅPNET

Dette smilende og flotte par må vi bli bedre kjent med. Mannen med det velklingende navnet Etelney Silva Barbosa Junior er blitt forsamlingsleder i Molde, og han er gift med Maria Hjelset Barbosa.

## TEKST TORILL HAUGEN

Etelneys oldefar var pioner i kirkeplanting i hjemlandet hans Brasil. Han var blant første generasjonen av evangeliske kristne i landet. Maria nevner inntrykk fra bedehuset på Hjelset og foreningsmøtene hun var med på som jente hos bestemor Anna hjemme på gården. – Dette har vært med og preget oss, forteller de.

**BRED ERFARING OG KOMPETANSE.** Etelney kom i kontakt med Norge ved å være mentor for studenter fra Gå Ut Senteret (Normisjon) som hadde praksis i Brasil. Han fikk etter hvert en stipendiatstilling ved skolen, og dit kom Maria som student etter videregående skole. Noen år senere, i 2016, ble de et ektepar. Den fine, runde magen til Maria viser også at de

snart blir en familie på tre, de venter sitt første barn denne høsten.

Før han kom til Norge arbeidet Etelney ved et dagsenter for barn og unge i storbyen Goiânia i Brasil. Dette var i en fattig bydel hvor det var viktig å gi de unge leksehjelp, mat, bibelundervisning og et alternativ til gata. Der var Maria med som frivillig medarbeider et år og lærte også hans morsmål, portugisisk.

Maria underviser ved Molde Friskole, hun har mastergrad i matematikk og statistikk. Etelney er utdannet advokat og har også teologisk utdannelse fra Brasil. I tillegg har han mastergrad fra Menighetsfakultetet i Oslo og vært pastor i Oslo International Church.

**GUDS LEDELSE.** Fra august har Etelney vært tilsatt som forsamlingsleder i NLM Molde Misjonsforsamling og som områdearbeider.

– *Hvorfor ble Misjonssambandet (NLM) arbeidsgiver?*

– Jeg verdsetter at NLM står for bibeltroskap og engasjement til å nå videre ut, sier Etelney. – Stillingen ble utlyst, og jeg ville gjerne forkynne Guds ord, forteller han videre. De ser det som Guds ledelse at de er der de er – ei dør ble åpnet. – Dette er bekreftelse på et kall, sier han, og Maria føyer til at det er

## VÅR MEDARBEIDER

**Etelney Silva Barbosa Junior** er tilsatt som områdearbeider i område 5 (Aukra, Hustadvika, Molde) med rolle som forsamlingsleder i NLM Molde Misjonsforsamling i 50% av stillingen på 75%. Han er gift med Maria Hjelset Barbosa.

viktig å være i en forsamling. Skribenten legger til at vi som forsamling er svært glad for å ha dem iblant oss.

Menigheten og familien hans i Brasil er med og ber for Norge og Molde. De står med i hans tjeneste, og han rapporterer tilbake. Kontakten går begge veier.

– Å sette meg inn i språk og kultur er blant mine oppgaver nå, sier Etelney, og Maria er god støtte. Han går på norskkurs, øver på «norsk» bilkjøring og blir kjent med folk og land. De har bosatt seg på Hjelset. Han smiler og ser på fjord og fjell og har mange rosende ord. – Fiskepudding er ikke så lett å venne seg til, men hjemmelaget syltetøy derimot ...



# KRASP – LIKE KJEKT SOM FØR!

Pinsevennar, påskevennar og julenissar, seier eg av og til. KRinsASpirantkoret har alltid vore ein fin mikks av folk med ulike bakgrunnar som møter Jesus og misjonen og kvarandre. Slik vil vi ha det.

TEKST OG FOTO OLE AUDUN OS

Etter dvalen i vår møttest KRASP-sør, og dermed var 32. kraspår i gang. Men kva med smittevern?

Vi var så klart spente. NLM sine smittevernrutiner for leir, Møre barne- og ungdomsskule sine reglar, tommel opp frå kommunelegen, reglar for KRASP som alle deltakarar skreiv under på, kontakt med foreldra, ekstra reinhald, alle desinfiserer etter seg på toaletta, faste plassar å sitte på, spriting og meir til.

Og så vart det ei kjempekjekk krasphelg! Like kjekt som før! KRASPnord på Vestheim klarte ikkje å kome i gang i september. Det var fleire grunnar til det, men det illustrerer likevel at vi er forsiktige!

**VEGEN VIDARE.** Ingenting kan erstatte det kristne barne- og ungdomsarbeidet. Difor må vi prøve å finne veg vidare. Dei to KRASP-kora er for 5.–8. klasse og samlast fire helger i året, på Vestheim Ungdomssenter og Møre barne- og ungdomsskule, Herøy.

Per Helge Myren er både hjernen og hjartet bak opplegget vi har i KRASP, med øvingshelger, leiarstab, styre, årsmøte og arbeidsutval med medlemmer. Per Helge var første dirigenten, frå 1989. Han er sett til side av sjukdom no, men vi er svært takknemlege for vegen han har vist oss. For KRASP er friskt og levande.

**GAVE.** «Augnestein» er tittelen



Nær kvarandre for ei kort stund: KRASP-sør på Møre barne- og ungdomsskule, Herøy, i september.

ALLE FOTO: OLE AUDUN OS



To frå Volda i KRASP. Kan dei vere i slekt?

på ein gammal slager i KRASP. No vart songen innøvd på nytt, og av ein spesiell grunn. Victor Scattergood, ein av leiarane, kom som ung gut flyttande frå England med familien. Alt var nytt og uvant, men ein venn inviterte han med på KRASP. Og han hugsar denne songen godt. Den betydde

mykje for han. Det har han nemnt fleire gonger.

No kunne ikkje Victor kome før laurdag kveld, på grunn av jobb. Så vi rakk å øve inn songen før han kom. Det var ei heilt spesiell glede for koret då vi plasserte Victor på ein stol framfor oss og sa at vi hadde ei gåve til han:



Korhelg er ikkje berre kor.

*Du er ein augnestein  
Du er ein augnestein for Jesus!  
Nei, du skal ikkje gå åleine  
Kvar ein dag han går med deg!*

*Gud går ikkje bort frå deg  
om du møter motgang på din veg  
Han er glad i barnet sitt  
Han omsorg har for livet ditt!*

*Du er trygg har Herren sagt  
for omkring deg set han englevakt  
Smak og sjå at Gud er god  
I han skal hjarta finna ro*

*Du kan evig glede få  
sjølv om du i mørkret her må gå  
Gud gav lyset til vår jord  
då Jesus Kristus vart vår bror!*





Deler av forsamlinga under medarbeiderfesten.  
FOTO: JØN OVE HOLEN

# FLOTT MEDARBEIDARFEST PÅ VESTHEIM

Laurdag, siste dagen i oktober, hadde regionsstyret invitert til medarbeidarfest på Vestheim. Det var først ein seminardel etterfølgd av fest med godt program.

TEKST LARS KJETIL EMBLEM

Tidlegare år har regionen hatt ein fagdag for tilsette- og frivillige forkynnarar om hausten. Seinare, før jul, har det vore festdag for medarbeidarar. Begge desse samlingane har hatt minkande oppslutning.

**VIKTIGE IMPULSAR.** I år vart fagdagen og medarbeidarfesten slegne saman, og det med godt frammøte midt i koronatida. Ca. seksti personar var samla frå eit vidt spekter av lønna og friviljuge tenester i regionen vår. Alle plasserte på faste sitjeplassar rundt småbord med god smittevernstand.

Dagen starta med seminar. Lamessa Enda-



Kake høyrer med når det er fest.

FOTO:OLE OS

lew var invitert til å vere saman med oss. Han er sjølv frå Etiopia, og har saman med familien sin vore misjonær der i fleire år. No arbeider han som regionleiar ved hovudkontoret til NLM, med ansvar for arbeidet i Etiopia og Aust-Afrika. Temaet hans var «arbeid mellom muslimar/innvandrarbeid.»

Han delte av eigne erfaringar, og kom med

nyttige tips og impulsar til korleis få kontakt med innvandrarar, og korleis kunne samtale med dei om tru. Det vart også gjeve tid til samtale rundt borda, der vi fekk dele tankar og erfaringar med kvarandre.

**INTERNASJONAL FEST.** Festen etterpå vart leia med stø hand av Geir Henning Tunheim. Her var mykje godt program med både skjemt og alvor. Etiopisk middag med injera og wått, etterfølgd av gode kaker.

Lamessa tok oss med til misjonsarbeidet i Etiopia og Aust-Afrika, der vi fekk møte misjonærane våre og alle prosjekta og arbeidet dei står i. Vi fekk videohelsing frå Japan, og fleire i forsamlinga fekk dele frå arbeidet dei er med på i regionen vår. Og vi fekk lytte til god song frå Elise Nordstrand Ulriksen og Margareth Engås. Alt til oppbygging og glede.

Takk til alle som var med på å lage i stand denne gode samlinga!





Kvart år jobbar barnehagane med Barnas Misjonsprosjekt. Barna blir kjende med misjon og dei får lære om dei ulike landa der vi driv misjon

ANNLAUG ENGEN ORSET

## BARNAS MISJONSPROSJEKT I TORVIKBUKT BARNEHAGE

Linkus er populær gjest i barnehagen.

BEGGE FOTO: PRIVAT

I forrige Barnas Misjonsprosjekt (BMP) samla me inn til Mongolia, og barna vart kjende med både misjonærbarn og barn frå Mongolia. Dei fekk óg øve på nokre mongolske ord. Vi lærte om landet, om alle hestane og andre dyr og fuglar som lever der. Dei tamme jaktørnane var veldig spennande. Vi lærte om kva dei et



Linkus får god klem (før corona) av styrer Annlaug.

og drikk i Mongolia, og at mange bor i telt som kallast ger.

**PÅ «TUR» TIL MONGOLIA.** Vi arrangerte óg ein flytur heilt til Mongolia. Barna kjøpte billettar med seteplassering, og det var både guide, flyvertinner og sjølvstekt kaptein om bord. Barna likte veldig godt filmsnuttane der Linkus var på besøk i Mongolia.

Og stor stas var det då Linkus plutselig kom på besøk til oss i barnehagen ein dag! Vi fekk også høyre mykje om kva misjonen gjer ved å fortelje om Jesus og hjelpe menneska til eit godt liv.

### FESTEN SOM IKKJE BLE ARRANGERT.

Den 12.mars skulle vi ha familiefest med underhaldning, aktivitetar, matsal og utlodning for å samle inn pengar til Mongolia. Lodd og gevinstar var klare, men akkurat denne dagen blei alle barnehagar stengt og festen vår blei avlyst! Det var dumt syns vi, for vi hadde så lyst å gjere noko for barna i Mongolia.

**PENGAR TIL MONGOLIA LIKEVEL.** Fordi festen blei avlyst, laga vi loddposar à 50 lodd/100 kr og selde til foreldra utandørs ved hentetid nokre dagar før sommarferien. Lodda med hest på gav gevinst, og det var mange glade barn som kom tilbake med vinnarlodd og fekk velje sine gevinstar. Saman med sponsorpengar og pantepengar, kunne vi etter lotteriet sende kr. 5 002 til Barnas Misjonsprosjekt.



## ARRANGEMENT

DATO	ARRANGEMENT	STED
30.12-01.01	Nytt-festival 8. klass-1.vgs	Vestheim ungdomssenter

## JANUAR

16.-17.01	Inspirasjonssamling Taler: Egil Sjaastad	Solhøgda leirsted
19.-24.01	Vestborg-turné	
23.-24.01	Vinterleir 1.-4. klasse	
22.-24.01	KAIROS	Solhøgda leirsted

## FEBRUAR

5.-7.02	Camp Royal, 1.-4. klasse	Vestheim ungdomssenter
13.-14.02	Familiehelg	Solhøgda leirsted
12.-14.02	Skiweekend, 8. kl-1. vgs	Vestborg vgs
12.-14.02	KRASP	

# NYTT

## Festivalen

Er du klar for NYTT-Festivalen 30. desember 2020 - 1. januar 2021? Ein festival som er skreddarsydd for 8.klasse og oppover. Desse tre dagane er fylt med ein haug av kjekke aktivitetar, lovsong, nyttårsbad, seminar, nyttårsmiddag, fyrverkeri og godt sosialt samvær. Ingenting er betre enn å gå inn i det nye året med Jesus og gode vener. Vi har eit leiarteam som er kjempegira og klare for å gjere dette til den beste nyttårsopplevinga du kjem til å få.

Velkommen til NYTT-Festivalen!



FOTO: CRISTIAN ESCOBAR / UNSPLASH.COM

**Slyngstad**  
Elektro AIS

AUTORISERT EL. INSTALLATØR  
6285 VATNE

Sve Gravferdsbyrå  
Per Arne Sve  
6200 Stranda  
Telefon: 922 22 140

**Comfort**  
VALDERHAUG  
RØRHANDLEN AS

6050 VALDERØY

**PURE**  
NORWEGIAN SEAFOOD AS

**SULA ENTREPRENØR AS**  
Mauseidvåg småbåthavn  
Innendørs/utendørs vinteropplag av båter  
Tlf.: 913 05 341

**ELIAS BREVIK as**  
TRANSPORT

BLINDHEIM INDUSTRIVEG 4  
6020 ÅLESUND  
FAX: 70 14 24 99  
MOBIL: 400 06 384



**Radio Nordvest**  
RADIOEN FOR ØRE & HJERTE

- **Elnesvågen** (Torget 6/8) • Tlf 40443469 Ti.-to. 11-17. Fr.-lø. 11-15
- **Kristiansund**, Rørgata 8-10 • Tlf 40443479 To.-fr. 12-17. Lø. 11-15
- **Ålesund**, Brusdalsveien 216 • Tlf 40443460 On.-fr. 12-17. Lø. 11-15

- **Ørsta**, Voldavegen 20 • Tlf 40443454 On.-fr. 10.30-16.30. Lø. 10.30-14.30

**GO** NLGJENBRUK

### VESTBORGTURNÉEN

Som så mye annet ser vi oss nødt til å endre litt på opplegget for russeturneen 2021.

Den blir i uke 3 som vanlig, med startskudd på Stranda bedehus søndag 17. januar.

Flere grupper legger ut på turné. Vi bruker leirstedene Solhøgda og Vestheim til overnatting. Dette for å unngå reising til flere private hjem. Vi håper mange støtter opp om møtene som russeturneen har og gir mye penger til misjonsprosjektet, som er Vest-Afrika.

Følg med på Region nordvests nettside (nlm.no/nordvest) når det nærmer seg, da ser dere hvilken dag russeturneen er i nærheten.